

## VÅR PEDAGOGISKE PLATTFORM

Vi er ein kristen vidaregåande skule som ynskjer å fremje aktiv læring, vekst og tru i eit inkluderande miljø der eleven sitt beste er i fokus.

Vi vil fremje arbeidsglede og engasjement og skape verdiar for framtida.

### VISJON:

Ein skule for LIVET

læring – vekst – tru



Her kan de lese meir om innhaldet i visjonen: [Ein skule for LIVET](#)

For å førebu elevane for framtida fokuserer vi på:

- å lære å lære
- å kommunisere og samarbeide
- å gi mot til å meine, styrke til å skape og utforske
- å gi elevane eit etisk kompass for LIVET

### Vårt syn på eleven

- Vi vil møte alle med omsorg, respekt og positive forventningar
- Vi vil møte dei der dei er og leggje til rette for læring og meistring for den enkelte
- Vi vil sjå og møte eleven som skapt og elskaa av Gud

### Vår læringsøkt

- Vi vil skape tryggleik, trivsel og lyst til å lære
- Vi vil ha klare mål, tydeleg struktur og rammer
- Vi vil bruke læringsprosessar der elevane er aktive i eiga og andre si læring, og som fremjar forståing og varig kunnskap

### Vårt miljø:

- Vi vil alle, elevar og tilsette, jobbe for å skape eit trygt skolemiljø, som fremjar gode relasjonar prega av gjensidig respekt, dialog og positive forventningar
- Vi vil jobbe for at alle skal få utvikle seg som menneske og medmenneske, ta ansvar for sitt eige liv og bli positive samfunnsbyggjarar
- Vi vil ikkje akseptere krenkingar, mobbing og trakassering

### **Vårt profesjonsfellesskap:**

- Vi vil leggje til rette for aktiv læring og utvikling gjennom delingskultur og samarbeid
- Vi vil sjå læringsarbeidet i samanheng med eit framtidig yrke og samarbeider tett med lokalsamfunn og næringsliv
- Vi vil arbeide for at alle vert verdsett, og gjennom samarbeid i eit sosialt godt og fagleg stimulerande miljø – trivst, opplever meistring og får stadig nye utfordringar

### **Vår pedagogiske plattform ønskjer vi å realisere i samspel med elevar, føresette og arbeidsliv gjennom:**

- visjon, skulen sitt formål og verdigrunnlag, Strategisk plan og Visjons- og strategidokument for skulane i Misjonssambandet
- tiltak og arbeidsformer som byggjer på forsking og resultat frå elevundersøkingar
- elevmedverknad i skuleutviklingsprosjekt
- praksis og hospitering i bedrifter, helse- og utdanningsinstitusjonar
- ungdomsbedrifter og entreprenørskap
- skuleturar med fokus på menneskeverd, historie, språk og kultur, fysisk aktivitet og sosial kompetanse
- å vere ein dysleksivennleg skule
- læringsstøttande studieverkstad
- å inkludere Tilrettelagd avdeling (TA) i læringsarbeidet i avdelingar/fagseksjonar
- trivsel på internat og sosialpedagogiske tilbod på fritida